

# Høgres budsjettforslag

2022

# Innleiing

*Vedlagt ligg Høgre sitt alternative framlegg til budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022 –25. Framlegget tek utgangspunkt i Fylkesdirektøren sitt framlegg til Finansutvalet sitt møte 24. november 2021.*

Vestland skal bli den beste fylkeskommunen på tilbod med høg kvalitet og vera det fremste fylket på vekst og verdiskaping. Det gjer at vi må prioritera. Høgre prioriterer vegvedlikehald, oppfølging av elevar i skulen og satsing på næringslivet.

I det alternative framlegget vårt til budsjett har vi prioritert eit godt læringsmiljø i skulen høgt. Vi løyver mellom anna 20 millionar ekstra til miljøkoordinatorar. I tillegg ynskjer vi eit prøveprosjekt med livsmeistringskurs for å gjera elevar meir rusta til å handtera kvardagen som ung. Bakgrunnen er at vi veit at mange elevar opplever overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande som vanskeleg, og at dei treng støtte for å handtera nye utfordringar. Vi satsar og stort på yrkesfag ved å gi meir pengar til lærarplassar, og til ordninga «fagbrev på jobb».

Budsjettet satsar òg på utvikling av distrikta. Vi gir meir til veg, utbygging av breiband og sett av pengar til marin satsing. I tillegg legg vi opp til ei storstilt endring av reisa kollektivt. Den nye ordninga må sjå på reisetilbodet i Vestland som ein heilskap, og laga billettløysingar som er tilpassa folk sine reisevanar.

I sum gir budsjettet viktige prioriteringar for Vestland i takt med behov og ambisjonar.

Vestland Fylkeskommune skal:

- gje eit tilbod på vidaregåande opplæring med høg kvalitet, godt skulemiljø og høg gjennomføringsgrad
- leggja til rette for at regionen kan realisera sitt store potensiale for berekraftig vekst, med sterke lokalsamfunn i byar og bygder og med fleire arbeidsplassar
- gjera det attraktivt å reisa kollektivt
- stimulera det frivillige lags- og organisasjonslivet, og ha særleg fokus på barn og unge
- redusere etterslepet på vedlikehald av fylkesveggar

Driftsbudsjett	Økte kostnader	Reduserte kostnader/Økte inntekter
<b>Driftsbudsjett 2020 - talldel</b>		
<b>Opplæring og kompetanse</b>		
Innsparing administrasjonen		5 000 000
Øke rammen til skole	10 000 000	
Idrettsklynge vest	900 000	
Miljøkoordinatorer	20 000 000	
PitStop	1 000 000	
Sommerskole/leksehjelp	1 000 000	
TAF/YSK	1 000 000	
Toppidrett	600 000	
Fagbrev på jobb	10 000 000	
Fagskulen	1 000 000	
Økt antall læreplasser	5 000 000	
TT-ordningen	5 000 000	
Prøveprosjekt med livsmestringskurs	2 000 000	
<b>Sum opplæring</b>	<b>57 500 000</b>	<b>5 000 000</b>
<b>Samferdsel</b>		
Økte reklameinntekter		15 000 000
Veivedlikehold	130 000 000	
Ny fellessone struktur	11 500 000	
Økte kostnader hurtigbåt	12 000 000	
Innovative mobilitetsløsninger for å få flere reisende	10 000 000	
Tilskudd til ladestasjoner langs fylkesvei	5 000 000	
Nordhordlandsbåten	5 000 000	
<b>Sum samferdsel</b>	<b>173 500 000</b>	<b>15 000 000</b>
<b>Kultur, idrett og inkludering</b>		
Slå sammen KUP-midler og tilskudd profesjonell kultur		1 600 000
Regionale ungdomsparti	400 000	
Fyllingsdalen teater	200 000	
Det vestnorske teater	1 500 000	
Bibliotek (digital satsing)	200 000	
Springbrett for ungdom	150 000	
Holvikejekta	10000000	
<b>Sum kultur</b>	<b>12 450 000</b>	<b>1 600 000</b>
<b>Innovasjon og næringsutvikling</b>		
Folkehelseundersøkelse 2022	1 500 000	
Havbyen Bergen	1 000 000	
Utviklingsmidler	500 000	
Marin satsing	10 000 000	
Bredbåndsutbygging i distriktene	4 000 000	
<b>Sum næring</b>	<b>17 000 000</b>	<b>0</b>
<b>Organisasasjon og økonomi</b>		
Felles administrativt nedtrekk på digitale utvalgsmøter		1 000 000
Ytterligere effektivisering av fysiske møter		1 000 000
Planmidler til helse- og klimaarbeid		1 000 000
Redusert brukt av konsulenttjenester		4 000 000
Effektivisering av renholdstjenester		5 000 000
<b>Sum organisasjon og økonomi</b>	<b>0</b>	<b>12 000 000</b>
<b>Forslag til redusert avsetning til disposisjonsfond</b>		<b>226 850 000</b>
<b>TOTALT</b>	<b>260 450 000</b>	<b>260 450 000</b>

\*Penger som ikke er disponert i budsjettet foreslås avsatt til disposisjonsfond